




STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 3 • SEPTEMBER 2021
82. ÅRGANG



Frå Kvam
til Madagaskar
sjå side 6-7

FRAMSIDA

På framsida ser me ekteparet Arachi Vieira Grindheim frå Brasil og Jan Vidar Grindheim frå Vikøy med borna Elise Kristine og Daniel Henrik framfor eitt av helikoptera dei flyg på Madagaskar som misjonærar for Helimission, sjå side 6-7.

UTANBYGDS ABONNENTAR

Har du nokon i familien som vil verta glad for å få Kyrkjeblad for Kvam tilsendt? Send namn og adresse til post. kvam@kyrkja.no, merk emnefeltet med Ny abonnent, evt bruk tlf eller brev.

Søndagsskule i Øystese

Det vert søndagsskule heima hjå oss i Einarhaug 28 desse laurdagane i haust kl 11-12:

4. sept 6. nov
2. okt 4. des.



Det vert bibelforteljing, song, leikar og aktiviteter og alle får med heim eit søndagsskuleblad kvar gong.

Kari Furnes Aalvik, Øystese søndagsskule

LEIAR

Saman er ein mindre åleine

Lars Arne Vik

Redaktør



Det er godt å vera på gudsteneste eller møte heime i stova. Stolen er mjuk, ikkje hard som gamle kyrkjebenkar eller bedehusstolar, lyden er klar og distinkt, ikkje skurrete eller med romklang som i kyrkjerom og bedehussalar.

Når helse er slik at ein ikkje kan gå ut lenger, er det flott at me har høve til å vera med på gudsteneste og møte heimefrå. Men det er noko anna å kunne samlast fysisk.

Det står att å sjå, når smitta ebbar ut, om bedehussalar og kyrkjerom fyllest att.

Det er noko anna å vera samla saman i Guds hus og ikkje kvar for oss. Me er skapte til fellesskap. Den kristne trua samlar på tvers av alder, kjønn og rase, politiske standpunkt og andre meiningar. Og då er det no slik: Di fleire, di betre.

Di fleire det er til gudsteneste, di meir salmesong vert det, di fleire gode nikk og varme smil får du, di fleire kan du helse på.

Så er det vår oppgåve som kristen kyrkje å gjera vårt til for at salmesedelen har den gode blandinga av gammalt og nytt, orda me forkynner er aktuelle, bønene me ber konkrete og at alle som kjem opplever at det er godt å vera i Guds hus.

Gudstenesta på søndag kl 11.00 er eit flott utgangspunkt for ein tur i vår flotte hardangernatur. Den lengste etappen vert kanskje etter matpausen, middagen vert sein, men helgedagen og kviledagen har fått eit godt innhald: Fellesskap i Guds hus og frisk luft for lekam og sjel.

Saman er ein mindre åleine.



Den norske kyrkja i Kvam



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

HBO Nova Print AS



Miljømerket trykksak 241 600



Kontingent:

Friviljug

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 007 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

3800 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

56 55 18 88 er ikkje i bruk lenger.

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam

Facebook:

Den norske kyrkja i Kvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme,
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik,
lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 449

Kyrkjeverja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,
se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Olav Per Tombre,
olav@tombre.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,
ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang,
oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,
ragnhild.nordheim@gmail.com

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Olav Per Tombre,
olav@tombre.no

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:
976 995 082

Livet – *The Jesus Way*

David Skutlaberg (26)

er ungdomsprestvikar på Askøy, gift og kjem opphavleg frå Norheimsund



Før sommaren klarte eg så vidt å kome i hamn med masteroppgåva mi, og den 30.juni fekk eg endeleg levert. Eg vart ti kilo lettare! Ei bør som hadde lagt tungt på meg sidan november vart letta, og eg kunne ta ferie med godt samvit. Sommaren er for meg ei tid for fornying og kvile, og var sårt trengt. Men etter tjue samanhengande år på skulebenken vart denne ferien min fyrste med berre tre veker fri. Med nyinnkjøpt leilighet og oppussingsplanar i tillegg, vart den etterlengta kvilen raskt konsentrert om ein helgetur her og der. Livet inneheld ulike bærer, og anten dei er sjølvvalgte eller påført av andre er det ikkje råd å sleppe unna. Sjølv ei helg på spa eller ein god hotellferie er ikkje nok til å kvile seg inn.

Liva våre er travle, og anten me har full kalender eller ikkje er det alltid oppgåver som må gjerast, behov som må tilfredsstillast, forventningar kan tyngje, og no når skulen startar opp att lengtar me alt etter ferien. Du har nok kjent på det sjølv òg.

Jesus tilbyr ikkje noko utopisk ferieparadis eller ei tropisk øy, men er realistisk om livet. Løysinga ifølge Jesus er ikkje ferie eller helg. «Eg vil gje dykk kvile». Men korleis?

«Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!
Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel.
For mitt åk er godt, og mi bør er lett,»
Matt 11, 28-30.

Folk tenkjer ofte at Jesus òg kjem med forventningar og krav, og trur det å følgje

Jesus først og fremst handlar om å «elske våre fiendar», «vende det andre kinnet til» og «gå ei ekstra mil». Det kjennest slitsamt, og det er ikkje rart at mange trur dei ikkje strekk til i kristenlivet. Men løyndomen i det gode åket som Jesus inviterer oss til er ikkje alle prinsippa Jesus lærer oss, men sjølve rytmen i livet hans.

Å følgje Jesus kan ikkje berre bety å gjere som han gjorde i møte med andre. Det må vere å leve heile livet slik han gjorde, og lære hans livsrytme. Me kan ikkje trekkje ut berre etikken og teologien frå Jesu liv. Me må òg leve livet slik han gjorde det.

Så når ferien ikkje gav meg den kvilen eg trengte, kan eg vende meg til Jesus og sei: «Lær meg din veg, og lat meg gå gjennom kvar dagen saman med deg. Eg treng din livsrytme og kvile.»

David Skutlaberg



Musikalsk føremiddagstreff om lag første onsdag i månaden hausten 2021 i Øystese kyrkje kl 11.00-12.45

Song og musikk, tema, ord for dagen v/spr Lars Arne Vik, salmestafett og enkel lunsj

1. september

Ønskekonsert frå salmeboka

6. oktober

Den uverkelege dagen 9. april 1940. Bygdefolk sine opplevingar v/Helga Margunn Håland

3. november

Haut i liv og litteratur v/Arne Sørheim

1. desember

Jul på Lundanes v/Helga Vestrheim Tolo

Arr: Øystese sokneråd



Kyrkjetreff i Ålvik kyrkje hausten 2021 første tysdag i månaden kl 16.00-17.45

7. september

Program ved Arne Sørheim og spr Lars Arne Vik

5. oktober

Program ved Ida Lindøe og organist Margrete Lid Kjosås

2. november

Program v/Anne og Brigte Sigve Skeie. Musikk v/Bjørn Otto Wallevik. Liturgisk kveldsbøn

Vel møtt til fellesskap i kyrkja!

Arr: Ålvik sokneråd



Føremiddagstreff i Norheimsund kyrkja torsdag 30. sept. kl. 11.00

Pensjonert doktor Bernt Daltveit: Helseutfordringar i eldre år

Fellesskap, andakt, song og servering

Arr: Vikøy sokneråd

Hugs nettsidene våre:
www.kyrkja.no/kvam

Trygg, traust og truande

Så og seia dagleg er ho å sjå ved Øyesteselandet. På veg frå heimen sin i sentrum – til bedehuset eller til kyrkja. Til Hardangerbadet eller ein fjelltur. Alltid gåande. Med trauste og målmedvitne steg. Ein dreg kjensel på henne på lang avstand: ryggsekken er som eit varemerke på Sigrid Berge.

–Du ber alderen godt?

–Ja, eg gjer vel det.

–Eg kom til verda 26 september 1935 på Ystabøen, Berge i Øystese. Fødselen skjedde heime på garden. Før meg hadde foreldra mine; Kristi f. Botnen og Harald Berge, fått tre born. Og etter meg kom det to born til i huslyden.

–Morsfolket ditt kom frå Botnen?

–Ja, mor vart fødd der inne. Dei var ti søsken. Far min, dei var seks søsken.

–Korleis var oppveksten din i dei «harde trettiåra»?

–Ystabøen var ein vanleg kvammagard med kyr og sauer, hest og oftast gris. Eg fekk ein god barndom og oppvekst, kor interessa for alt gardsarbeid vaks seg sterkare og større med åra. Tidleg lærde eg å raka med rive, hesja og ta opp pote. Me borna var med på arbeidet som var å gjera på ein gard. Det var ikkje spørsmål om me hadde lyst! Alt som sjuåring lærde eg å mjølka kyrne. Ei kyr i første omgang. Det vart noko enklare då Erlands mjølkemaskin kom til gards. Ved det høvet vart det skipa til kurs i Øystese for bruk av denne nymotens elektrisk drivne mjølkemaskin. Øytesebygda fekk straum så tidleg som i 1913. Så eg hugsar ikkje noko om fjoslyktene.

–Så vart det mange års skulegonge?

–For å seia det beint fram: eg var glad då skulegonga var avslutta. Folkeskulen tok til i Bergstø – annakvar dag. Men etter 3 1/2 år heldt skulegonga fram i Øystese – med blant anna Arnljot Lofthus og Alf Mokleiv som lærarar. Deretter vart det framhaldsskule med S. K. J. Overøye som lærar, og konfirmasjon i 1950.

Dreng på heimegarden

–Så hugen din stod til gardsarbeid?

–Ja, alt som har med jorda, husdyr og blomar å gjera har eg hatt stor interesse for i alle år. Etter konfirmasjonen leigde far meg som dreng på heimegarden. Hesten gjorde det tyngste arbeidet. Då eg var tolv



Sigrid med ryggsekken.

år, hadde eg min første lønna jobb. Ein liten vaskejobb.

–Men så vart det utdanning og meir skulegang likevel?

–På sett og vis, ja. Gjennom alt det praktiske arbeidet på gard, vaks interessa og motivasjonen til å læra meir om det eg arbeidde med. Frå januar 1956 til jul 1956 gjekk eg Hardanger jord- og fruktdyrkings-skule på Hesthamar.

–Bar det så attende til gardsarbeid i Øystese?

–Nei, då fekk eg utferdstrong, og drog like til Tretten i Gudbrandsdalen. Eg reiste bort om våren 1957. Først med buss til Voss, så tog til Oslo, bytte tog til Tretten, der var bonden og henta meg på stasjonen. Det var greidt å reisa i dei dagar, ikkje som no. Første tida skulle eg stella kyrne heim-

ne i floren. Då sommaren kom, bar det langt innover i fjellet. Det var bilveg til å køyra varer, men kyrne måtte gå og nokon måtte passa dei. Det var mykje slåttemark på stølen. Då slåtten heime var ferdig, kom dei på fjellet. Det var bonden, bror hans og far deira. Dei var først å hesja, så var dei heime litt, så kom dei att og turrhøya. Eg var ikkje med på høyonna for eg skulle syta for at mennene fekk seg mat, og so stella kyrne. Mjølkebilen kom for å henta mjølka.

Om hausten flytte eg så til Ringebu, og var der for det meste i floren der eg passa geit og kyr – og så nokre nydelege killingar!

Så kom eg heimatt til Øystese om våren. Var i teneste hjå Jakob Tjosås den sommaren. Eg veksla blant anna mellom

Ystabøen og garden til Hans Vik, kor det var mykje arbeid i fruktseasonen på hausten, men og mangt anna arbeid.

Vaktmeister frå 1967

–Men så kom det eit nytt kapittel i arbeidslivet ditt?

–Øystese Bedehus vart vigsla i 1956. Eg vart tilsett som vaktmeister i 1967, og hadde dette vervet fram til 1989. Det vart innhaldsrike og gode år. I Vik vart eg kjend med Brita Vik; me hadde mange og gode samtalar. Gjennom venskapet med henne og nokre jenter som eg vart mykje ilag med, kom eg inn i bedehusmiljøet i Øystese. Eg merka sjølv at det var noko eg ikkje hadde – trua på Jesus som Frelseren. Gjennom forkynning og samtale med andre kristne, vaks og mognast kristentrua litt etter litt fram. Det var i Norheimsund bedehus eg «gav seg over til Jesus», for å bruka eit kjent uttrykk. Det var ikkje noka spesiell oppleving, men eg trudde at Jesu død på krossen og hans oppstode Påskedag også gjaldt for meg.

–Kva følgjer fekk dette for livet ditt?

–Då eg vart konfirmert, byrja eg som dei fleste andre i Bergstøgrenda sitt fri-lynde ungdomslag. Det vart ei lærerik tid. Det var lagsarbeid. Arbeida ilag. Og læra blant anna å stå framfor ei forsamling; lesa eit stykkje, skriva i lagsbladet, seia høgt si mening. Me samarbeidde på eit lite kjøkken utan innlagt vatn m. m. Dette er ting som har vorte til nytte vidare i livet.

Kveik på Helgatun

Så kom eg inn i eit nytt miljø – bedehusmiljøet. Det var ei rik tid på bedehuset, både for unge og gamle den tida. Men for meg personleg var ikkje alt like enkelt – så tvilen sneik seg innimellom. Men her som alltid – som skrive står: «*Er vi trulause, så er Jesus trufast*». - Det som har vore til velsigning her i bygda, er det gode samarbeidet mellom bedehuset og kyrkja – kristenfolket har gått bae stader. For min del har det blitt naturleg å gå både i bedehus og i kyrkja. - Så har det vore til stor inspirasjon og kveik for meg å delta i arbeidet på «Helgatun» sidan 1975. Å møta dei mange, unge og eldre, som har kome dit og har fått høyra om Jesus; blitt stadfesta og styrkte i kristenlivet, har vore stort for meg.

–Men du hadde også arbeid utanom vaktmeisterarbeidet i bedehuset?

–Eg har i alle år utført ymse tenester for mange i bygda. Dessutan var eg i 10 år heimhjelp – tilsett av Kvam herad.

–Vart du ikkje sliten og trøyt av dette ein-sidede arbeidet?

–Einsidig? Du finn vel ikkje mange i bygda som har hatt eit så allsidig arbeid

som meg. Eg har lukkelegvis vore heldig og hatt arbeids glede. Men eg skal ikkje leggja skjul på at arbeid også kan vera bale!

–Så vart det meir skulegang også?

–Eg var på eit 3 månaders kurs ved Bibelskolen i Bergen i 1962. Det var lærerik og trusstyrkjande å trengja djupare inn i Guds ord.

Mindre sans for rituale

–Korleis ser du på kyrkja og bedehuset sitt arbeid idag?

–Det er mykje bra som skjer bae plasser. Men eg tykkjer kyrkja er blitt litt for katolsk. Sjølv har eg mindre sans for det rituelle. Eg er tilhengjar av ein litt friare stil. Songane er for det meste moderne. Eg kunne tenkt ein betre balanse mellom det nye og det gamle. Me må prøva ta vare på noko av det gamle, men og bruka noko nytt. Det er mangt i dei gamle songane som er til hjelp når ein har det vanskeleg, men ein finn og jubel når ein opplever Guds godheit.

–Forkynninga er stort sett bra. Ein får med det sentrale. Guds kjærleik har Jesus fullkome synt oss ved sitt liv, sin død på Golgata og oppstoda påskedag. «*Ingen kjem til Faderen utan gjennom Sonen*» les me i Guds ord.

–Eg er mykje takksam til dykk som ordnar det so at me får koma i saman til åndelege samvere i bygda vår. Takk for det.

–Har du hatt interesser og hobbyar?

–Ja, i massevis! Blomar har eg hatt stor interesse for og glede av frå barndomen av. Eg vaks opp saman med blomane heime på Berge! Der var det ein rik flora av blomar. - Elles har eg i alle år hatt stor glede av å gå i skog og fjell. Saman med mine yngre søsken vart det ennå meir interessant, og fleire gilde fjellturar. Å fotografere har eg også hatt stor hugnad i.



Sigrid er ofte i Hardangerbadet.

Idrettsmerkedame

–Eg fann ut at å vøva måtte vera interessant, så eg kjøpte meg vøvgogn og sette opp på Berge. Mor hjalp meg. Det var krogbragd (vanleg åklede). Seinare hadde Bondekvinnelaget vøvstova. Der fekk eg vera med og setja opp fleire sortar vøv. Duk og kristnarplagg t.d. Men det har eg gløymt no.

–Og ryktene seier at du også har teke Idrettsmerket gjennom fleire år?

–Med unnatak av det eine året eg var i Gudbrandsdalen, har eg teke idrettsmerket kvart år sidan 1953, til eg gav meg for tre år attende. Etter at Hardangerbadet vart opna, har eg hatt stor glede av å gå dit regelmessig. Eg takkar Gud for at han gav meg god helse. Så har eg prøvd å bevara den, både gjennom arbeid og fritid.

Me takkar for samtalen, og ynskjer Sigrid Berge Guds velsigning i åra som kjem.

Arne O. Øystese

TRENG DU NOKON Å SNAPPE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

 **KIRKENS
SOS**

Pilot på Madagaskar

Særskilt til avsidesliggjande strøk trengst det lufttransport i samband med hjelpearbeid. Vegnettet er dårleg utbygd og i regntida er mange vegar nærast ubrukelege. Busetnaden er også spreidd – ein stor del av befolkninga på kring 28 millionar bur i mindre landsbyar, skriv misjonær jan vidar Grindheim frå Kvam som er pilot i Helimission i Madagaskar.

Som familie har me vore i teneste med Helimission på Madagaskar sidan 2019. Helimission er ein sveitsisk misjons- og hjelpeorganisasjon som i år feirer 50 år. I 1971 flaug Ernie Tanner i tru ein Bell 47 frå Sveits til Kamerun og var til stor hjelp der for m.a. Bjørn Bue frå NMS. Sidan denne oppstarten har Helimission vakse og har gjennom åra operert i mange land på fleire kontinent.

To helikopter på øya

Helimission starta opp arbeid på Madagaskar i 1994 i samband med katastrofehjelp etter syklonødeleggjingar. Frå basen i hovudstaden Antananarivo, der me har eige verkstad, opererer me to helikopter av typen AS350. Helimission samarbeider med andre organisasjonar som driv arbeid på Madagaskar. Mange kjenner nok til MAF, som har base vegg i vegg med oss.

Særskilt til avsidesliggjande strøk trengst det lufttransport i samband med hjelpearbeid. Vegnettet er dårleg utbygd og i regntida er mange vegar nærast ubrukelege. Busetnaden er også spreidd – ein stor del av befolkninga på kring 28 millionar bur i mindre landsbyar. Væpna landevegsrøvarar er også eit stort problem i ein del område.

Flyg tverrfaglege team

Hovudarbeidet er å fly team samansett av medisinsk personell og evangelistar til mindre landsbyar langt frå næraste veg. Som eit av verdas ti fattigaste land er det stor mangel på sjukehus og klinikkar. For å spare flytid konsentrerer ein seg om landsbyar innan eit fastsett område på ein «mission» som gjerne varer inntil ei veke. Madagaskar er relativt stort; flytid frå Antananarivo til nord- eller sørspissen er kring 3,5 timar. Helimission driv også noko luftambulans.

Som tidleg misjonsnasjon har Noreg hatt mykje god innverknad på Madagaskar



Familien Araci Vieira Grindheim og Jan Vidar Grindheim er misjonærer i Madagaskar, her på 17. mai 2021 med borna Elise Kristine (4) og Daniel Henrik (2), som vart vart fødde i Rio de Janeiro i Brasil, Arachi sitt heimland.

heilt sidan 1800-talet, og den Lutherske kyrkja er mellom dei fire største kyrkjene her. I dag er det eit fåtal nordmenn igjen, men folket har godt inntrykk av nordmenn grunna arbeidet til NMS og andre organisasjonar.

Gode førebilete i Bibelen

Mange har gjennom åra spurt seg kvifor Madagaskar ikkje kjem seg «opp og fram». Store summar vert nytta til hjelpe- og utviklingsarbeid her kvart år. Kriminalitet og mindre effektivt rettsvesen, korrupsjon, tungt byråkrati, lite effektivt politisk system og eit styresett som set seg sjølv framfor folket er mellom moglege årsaker. Men med bibelen som rettesnor kan me også sjå landet frå ein annan vinkel. Viktigare enn økonomisk vekst er at folk kan leve og bu trygt og ha nødvendig levebrød og gode familieforhold. Ein kan også sjå løysingar på samfunnsproblem som t.d. korrupsjon: «Gjer ikkje skilnad på folk når de dømmar! De skal høyra på både høg og låg.» (5. Mos. 1, 17a). Meistren gav oss det beste føredømet – den som vil vera stor mellom dykk skal vera dei andre sin tenar. Be gjerne for Madagaskar – og Noreg med – om dette: «Dersom då dette folket

som namnet mitt er nemnt over, audmjukar seg og bed, søkjer meg og vender seg bort frå sine vonde vegar, skal eg høyra dei frå himmelen, tilgje syndene deira og lækja landet» (2. Krøn. 7, 14). For folk og nasjonar er det eingong slik at «Ingen vei går utenom – Krist.»

Klarar seg med lite

Det interessant å sjå korleis folket her greier seg med svært lite. Ofte har dei jord langt frå eigen landsby og er borte fleire dagar i strekk for å dyrke jorda. På dei mest avsidesliggjande område kan ein sjå veldyrka, grøne marker som er svært godt organiserte. I dalane dyrkar dei ofte ris i mangfoldige trappetrinn oppover. Diverre er skogbrenning utbreidd i ein god del område, noko som fører til erodering av jorda.

Helimission har plan om å starte opp base i Brasil for å støtte organisasjonar der med lufttransport, og tenesta vår her er tenkt som erfaringsbygging for dette. Helimission har gjennom åra bygd opp mykje erfaring på helikoptervedlikehald og operasjon. I land som Madagaskar kan dette vere krevjande, ettersom alt av deler og materiell må sendast frå andre



På oppdrag i landsbyen Miangaly.

kontinent. Flygarar må også vedlikehalde sine utanlandske sertifikat, noko som har vore meir komplisert det siste året grunna reiserestriksjonar.

Kona Araci er frå Brasil og borna våre Elise Kristine (4) og Daniel Henrik (2) vart

fødde i Rio de Janeiro. Underhaldet vårt er for det meste basert på støtte frå familie og vener / kyrkje i Noreg og Brasil, og me ynskjer å seie tusen takk for trufast støtte og forbøn.

**Med helsing
Familien Vieira Grindheim,
Antananarivo, Madagaskar**

**jan.grindheim@hm-int.org
www.helimission.org**

Takk for strøk, slått og stell

I vår fekk bærehuset på Vikøy kyrkjegard to strøk med maling. Kyrkjeverja i Kvam saman med Torstein Aksnes ved Norheim-sund fargehandel tok ut ein fin gråfarge og ein passende farge til glas og dører. Arne Sørheim tok på seg dugnadsarbeidet, og i godt vær kom målinga på. Odd Øygarden måla glas og dører. Takk for godt utført arbeid!

Alle som har vitja Vikøy kyrkjegard i sommar, har lagt merke til det fine arbeidet som er utført med slått og kantklipp. Stor takk til Heime Ugletveit og medarbeidarane hans for flott arbeid.

Og så; takk til Arvid Strømme som plantar og vatnar for alle som ikkje kan utføra slikt arbeid sjølve. Du gjer ein kjempejobb!

Alt dette arbeidet har gjort at det er ein fryd for oss andre å koma på kyrkjegarden for å stella på gravene til våre kjære. Ein stor takk til dykk alle!



**Med venleg helsing
Gunnbjørg Sørheim**

Kyrkjegardsarbeidarar denne sommaren har vore f v Bjørn Halvorsen og Arne Severin Sandal, i tillegg til Heime Ugletveit som har teke dette biletet frå Ålvik kyrkjegard.

Andre tonar i kyrkja?

Roar Strømme

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



-Når me kjem i gang med endringa ut på hausten, vil du såleis kunne oppleve både at noko kjend og kjær har vend tilbake, men du kan og å bli møtt av noko nytt og spanande, skriv sokneprest Roar Strømme om den nye gudstenesteliturgien som etter kvart vert innført i heile Den norske kyrkja.

I haust vert me møtte av nye tonar i kyrkja. Fleire av dei faste ledda i gudstenesta, som Kyrie/Bønrop og Gloria/Lovsong, vert sunge til ein annan melodi enn dei me har brukt dei siste åra.

Eg vil tru at ein fyrste reaksjon hos mange vil vere: «No igjen!» Ikkje før har me vant oss til ei tonesetjing, så kjem der ei ny. Det er jo ikkje mange åra sidan me innførte dei melodiane som me no brukar i kyrkja.

Bakgrunnen er at då me sist reviderte den liturgiske musikken var idealet at kvar

kyrkjelyd skulle finne noko som passa for seg. Slik var det meir eller mindre fritt fram for kva musikk ein ville bruke lokalt. Dermed varierte den liturgiske musikken frå kyrkje til kyrkje. Dersom ein gjekk i ei anna kyrkje enn heimekyrkja, kunne ein såleis verte møtt med av noko heilt framandt.

Dette reagerte mange på. Difor har Kyrkjerådet bede kyrkjelydane om å halde seg til ein av tre, sentralt fastsette, musikalske variantar. Dette gjeld både høgmesse og familiegudsteneste. Mellom alternativa finn ein både «gamal» kyrkjemusikk, som mange vil kjenne att, og ny og gjerne meir moderne musikk.

I Kvam har me hatt ein prosess på dette, der både fagpersonane våre og sokneråda har vore involverte. Ikkje alt er på plass enno, men det ser ut til å gå mot både tradisjon og fornying. Når me kjem i gang med endringa ut på hausten, vil du såleis kunne oppleve både at noko kjend

og kjær har vend tilbake, men du kan og å bli møtt av noko nytt og spanande.

Me trur at dette kan gje oss ei både tryggare og rikare gudstenestefeiring. Me har særleg von om at musikken i familiegudstenesta vil gjere det lettare for barnefamiliar å føle seg heime i gudstenesta. Men det føreset at flest mogeleg av oss tek tak i både det nye og gamle. Gudstenesta er jo ikkje ei førestilling for eit publikum, men ei sams feiring, der me alle er med. Sjølv sagt høyrer me heime i kyrkja om me ikkje heng med i alt som vert sagt og sunge. Men dei fleste opplever at det gjev ei rikare gudstenesteoppleving både for den einskilde og fellesskap når både songen og kyrkjelydssvara elles lyder frå mange røyster.

Difor ønskjer me velkomen til ein spanande haust i kyrkja, prega av både tradisjon og fornying!

Sokneprest Roar Strømme


HAUGESPOR i Norheimsund kyrkje

Tysdag 16. nov.
kl. 19.00



Vil du lære, le og bli riven med? Av myndige bondekoner, sjølv gode potetprestar, håplause lensmenn og trongsynte pietistar? Hans Nielsen Hauge og haugianismen er ein himmelsk lapskaus av kvardagsliv, åndsliv, næringsliv, fattigdom, rikdom, konflikter og kreativ rekneskapsførsel. Haugerørsla har sett djupe spor i landet generelt og Vestlandet spesielt. Ryfylke Livsgnist presenterer eit historisk og humoristisk skråblikk på haugianismen, 250 år etter Hauge sin fødsel. Me trur jubileumsspelet kan hjelpa oss å sjå kvifor me blei som me blei her landet.

Sjekk annonse i HF og på nettsidene til Den norske kyrkja i Kvam, www.kyrkja.no/Kvam, og Norheimsund indremisjon og Øystese indremisjon, www.bedehusweb.no, for meir informasjon.



Investerte i unggut

-Ungdomens iver er herleg, men etter som åra tek oss, treng vi alle å ha ein djup nok kjøil i båten som taklar det vinden sender vår veg, skriv Jan Huse. opphavleg frå Øystese, som i mange år saman med kona Ragnhild har drive Kreativ disippeltreningskule i Ålesund. Utgangspunktet var var ei oppmuntring frå ein lokal kunstnar etter framføringa av ei kantate i aulaen i Øystese

På 80-talet laga eg nokre illustrasjonar til songane i ein kantate som ungdomskoret hadde i aulaen i Øystese. Medan festpynta korsongarar song «ver ikkje redd, Maria!», kom desse enkle teikningane opp på overhead etter tur og orden. Eg minnst det var ei overveldande sterk kjensle å sjå dei prosjektert i ein fullsett aula.

Litt stolt og litt brydd krympa eg meg i stolen der eg sat langt bak i salen. Det er gjerne der eg sit enno. Langt bak. Eg likar å observere. Får eg velje, vil eg helst få gå heile vegen bakanfrå og fram, om eg skal på scenen og bidra med eitkvart musikalsk eller verbalt. Svært upraktisk ifylgje møteleiarar og produsentar som skal halde tidsplanen, og ei kone som likar å vere tett på hendingane. Fremst. «Da e so fø somme, og so fø somme», plar min beste ven å seie. Pinsekirka i Ålesund har god-salen tilpassa meg. Her kan eg gå inn ei dør bake, og via ein lang korridor langs eine sida i salen kome ut rett på scena. Voilà!

Meister og læregut

Nokre dagar etter kantaten i aulaen, kom overraskinga. Ein lokal kunstnar hadde sett teikningane under konserten. Han tok kontakt, og oppmuntra meg til å fortsetje å teikne. Ei enkel oppmuntring som skulle vise seg å endre livskursen og tenne ein brann. Han brenn enno. Den oppmuntringa resulterte i at eg fekk høve til å få arbeide med han ei tid. Han som meister og eg som læregut. Kvar dag kom med nye formgjevingsopenberringar, og tida med han vart mitt livs kreative opptur. Han fôra meg med bøker og gav meg nok niste for livet når det gjaldt kreativ inspirasjon og pågangsmot. Mange år seinare er det framleis hans «auga» eg brukar når eg arbeider. Om det er i arkitekturfaget, som musikan, i bibelundervisning eller som førelesar innan kunst og kreativitet.

Sprenkrafta i å vidareføra

I 1998 fekk Ragnhild og eg med oss ein flott gjeng frå Ungdom i Oppdrag, og drog til Ålesund for starta ein liten internasjonal bibelskule. Kreativ Disippeltreningskule såg då dagens ljøs, og har sidan vore operativ. Vi brenn for å oppmuntre og inspirere unge kristne kunstnartalent til å leve tett på Jesus og å dyktiggjere seg innan sitt felt. Inspirasjonen til å drive med dette, kan sporast attende til den enkle oppmuntringa som kom i etterkant av kantaten i aulaen i Øystese. I eige liv har eg sett kva sprengkraft det har at nokon tek seg tid til å vidareføre sine talent, setje seg ned med ein, og dele kunnskap og erfaringar.

Som nykristen i Øystese var det nemleg hjå vener på Kjosås eg fekk forankring i trua. Sentralt stod fellesskapet kring kveldsmåltidet. Der fekk eg ved hjelp av særskloke folk høvet til å vekse som kristen. Midt i ein hektisk kvardag med mange jarn i elden, gav dei av den aller edlaste ressursen: Tid.

Helper kunstnarspirer

Leilinga for skulen vår er gjeve vidare til andre kyndige folk. Ragnhild og eg har til dagleg arbeid utanom Ungdom i Oppdrag. Ho som kafégründer i byen, eg ved eit arkitektkontor. Som seniorar prioriterer vi tid i kalenderen til å vitje og undervise kunstnarspirer på skular som har vakse



Tranformasjon heiter denne lampa, laga av Jan Huse.

fram i etterkant av Ålesundsskulen. India har vorte eit satsingsområde. Vonleg ender denne pandemien, og vi kan reise igjen.



-Mange år seinare er det framleis hans «auga» eg brukar når eg arbeider. Om det er i arkitekturfaget, som musikan, i bibelundervisning eller som førelesar innan kunst og kreativitet, fortel Jan Huse om mannen frå Øystese som oppmuntra han i ungdomstida.

Kunstnarane er gjerne fyrst ute med å setje agendaen kva folk skal tenke, føle og meine. Dei er ofte sensitive og opne menneske, som kjenner på trongen til å spegle samfunnet og miljøet kring seg. Eller berre få uttrykt det som ligg i sjela. I kunsten si kjerne ligg det å “bevege menneske”. Vi vektlegg å forankre og bygge kjøil i studentane med å praktisere eit enkelt trusliv; bibel, bøn og fellesskap. Det har stått seg i alle tider. Ungdomens iver er herleg, men etter som åra tek oss, treng vi alle å ha ein djup nok kjøil i båten som taklar det vinden sender vår veg. Storm eller lett bris.

Jan's Night

Det mest gjevande i den seinare tida er kveldane for studentane i heimen vår i Ålesund. Det er ein kveld for å trene den kreative muskelen, og ha fellesskap rundt eit måltid. I timeplanen for skulen kallar dei kvelden “Jan's Night”. Tittelen var ikkje min idé, men mandatet er at eg kan gjere det eg vil. Perfekt for ein kvemming med individualistisk tilsnitt.

Den gode samtalen går lett etter ein har hatt ei kreativ treningsøkt, og ein kan slå seg ned i sofaen med noko godt å ete. Når studentane trekkjer seg attende seint på kvelden, kan eg i takksemd tenkje på vener i Øystese som gjorde det same; Tok seg tid og investerte i ein unggut. Dei er framleis mine førebilete og heltar.

Jan Huse

Gravdal bedehus

Ytst i Kvam ligg grenda Gravdal som og har sitt eige bedehus, Gravdal bedehus. Det vart innvigd i 1953 og har vore jamt i bruk sidan då.

Tidlegare var det fleire foreiningar som var knytte til bedehuset. Desse er no nedlagde men bedehuset har sitt eige styre, og kontaktpersonar for ulike misjonsorganisasjonar i bygda tek imot talarar frå ulike organisasjonar. Heile tida har bedehuset vore ope også for andre kyrkjesamfunn enn dei lutherske, så lenge dei ikkje profilerer sine eigne sær-syn på t.d. dåp. Etter at sokneprest Per Kørner i Strandebarm ikkje lenger fekk halda fram med gudstenester i kyrkja på grunn av

hans engasjement i abortsaka, var Gravdal bedehus ein av dei stadene han regelmessig hadde gudsteneste, like til kort tid før han døydde.

I dag er det vanlegvis 10-12 vanlege bedehusmøte i året, noko færre no under pandemien. Fyrst og fremst er det vitjing frå organisasjonane Lys over land (tidlegare Kristen muslimmisjon), Indremisjonssamskipnaden og Samemisjonen, men også andre er innom. På møta samlast me gjerne i snitt ein 12-14 personar på kvart møte, noko meir i snitt var det på gudstenestene. Det har som regel vore god spreing i alder på dei frammøtte. På møta har det gjerne kome tilreisande frå

nabobygdene, anten frå Strandebarm og innover, frå Hatlestrand eller frå Fusa. Møta har ganske tradisjonelt preg med innleiingshelsing, song og forkynning av Guds Ord. Det har i dei seinare åra vorte samla inn i offer og kollektar mellom tjuve og førti tusen kroner årleg.

Med verksemda på bedehuset ynskjer me fyrst og fremst å skapa eit samlingspunkt der me samlast om Guds ord i ei tid der vranglære av ymse slag vil frårøva oss tilliten til Guds Ord. Me ynskjer og å oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua og formidla til andre Jesus Kristus som den eine vegen til evig liv.

Vilhelm Gravdal

Norheimsund indremisjon

Annankvar søndag samlast mellom åtti og hundre menneske til vanleg i bedehuset til allesamansamling. Det er ei fleiregenerasjonsforsamling, med grupper for barn under skulealder, små- og storskule. Mange deltek i tenesteteam, då kan me få til mykje når mange hender og føter bidreg!

Nyleg har galleriet blitt ombygd til ein tumleplass for dei aller minste. Foreldre kan både høyra og sjå kva som skjer i hovudsal! I eit bedehus er det også sentralt at folk samlast til bøn, både tysdagsmorgon og elles i samlingane. Andre organisasjonar og lag nyttar også bedehuset til basarar og julemesser. Huset har også har høvelege

rom og kjøken til festar som dåp og konfirmasjon.

Kvar veke er også mange barn og unge innom huset, der er barnekoret Shine, tweenskoret Kvam Soul Children, barneklubben JuniorVing, klubben Kraft (med fjernstyrte bilar m.m.) m.m. Ungdomskoret og ungdomsklubben Origo deler aktivitetane mellom Øystese og Norheimsund bedehus.

Frå 1. august engasjerer Øystese og Norheimsund indremisjonar ein ungdomsarbeider i halv stilling, Julie Haaberg. Ho skal støtta det eksisterande barne- og ungdomsarbeidet på ulike måtar. Barne og ungdomsarbeidet er viktig for



Shine barnekor (arkiv)

arbeidet på bedehuset. Kor mykje betyr det ikkje for ungdommane å ha gode møteplassar når ein er ung!

Eli S. Tveitane

Steinsdalen bedehus

7. desember i 1924 vart bedehuset i Steinsdalen innvia, og i referatet frå samlingsa står det at «*kring 400 menneskje var møtt fram, so huset var pakka til siste plass*». Snart hundre år seinare har me nok flest besøkjande utanfor bedehusveggane, med kring 70.000 oppstartingar av video-opptaka på Youtube i året.

På bedehuset får me besøk av forkynnarar frå ulike organisasjonar i bedehusland. Det er vanlegvis møte kvar sundag, og møteveker og bibelhelgar haust og vår. Det er ei blanda forsamling med både born, unge, vaksne og eldre.

I ei verd der mange har mist trua på framtida, vitnar han som har skapt himmel og jord og seier: «For eg veit kva tankar eg tenkjer om dykk, seier Herren. Det er fredstankar og ikkje tankar til ulukke. Eg vil gjie dykk framtid og von.» Jer 29, 11.

Gjennom websida, Facebook og Youtube vonar me at denne himmelske bodskapen kan nå ut både til bygdefolket og andre som vil høyre. Målet for verksemda er å formidle Bibelen sin bodskap: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Joh 3, 16



Heimesida: www.steinsdalenbedehus.no

Dag Rune Lid
Steinsdalen bedehus

Øystese indremisjon (ØIM)

Øystese indremisjon sitt ynskje er å nå ut til bygda med evangeliet og få nye med i det kristne fellesskapet. Med bakgrunn i dette tok styret i 2017 initiativ til samtale rundt lagsstruktur, aktivitetsnivå og framtidsplanar. Nye krefter kom til og nytt styre blei engasjert. Bedehuset vart oppgradert, rom for rom, og har blitt eit tenleg lokale for eit oppegående arbeid.

Eit hus på 1200 rutemeter krev sitt, og det vart etablert eit eige husstyre med ansvar for drift og vedlikehald. Tallause dugnadstimar er lagt ned, både ute og inne. Dette gjorde godt for styret som kunne tenkje meir innhald og mindre hus. Sporadiske arrangement som songkveldar og enkeltmøte vart bytta ut med Sundagstreff dei sundagane det ikkje var gudsteneste i kyrkja. Dermed blei det kontinuitet i arbeidet og tilbod om kristen samlingsstad, enten i bedehuset eller kyrkje, kvar sundag.

No, i 2021, er det full aktivitet på bedehuset i Øystese. Øystese barnekor, mannskoret Laudamus og Norheimsund og Øystese ungdomskor har sin faste øvingsstad her. I tillegg har Øystese musikklag i periodar brukt bedehuset til øving. Origo ungdomsklubb har samlingar i kjellaren fredagskveldar. Huset er også mykje utleigd til private arrangement som konfirmasjonsfestar, bursdagar, minnestunder og bryllaup. Ved behov for større areal under pandemien, nytta Øystese skule bedehuset til undervisning. Me ynskjer at huset kan vere ein samlingsstad og mest mogleg ope for bygda. Alle er velkomne i bedehuset!

Fosse bedehus

I 1947 kjøpte Fosse indremisjonslag tomt til bedehus. Bedehuset vart bygd og har vore ein samlingsstad på Fosse i mange år, men no skal Fosse indremisjon selja bedehuset til Jon Fosse-stiftinga.

Mange har støtta opp om Fosse bedehus både med arbeid og pengar. Bedehuset har vore leigd ut til ulike samkomer t.d. rettsmøte, arbeidsstove for born (som husmorlaget dreiv) og til private tilstellingar. Men for det aller meste har huset vore brukt til forkynning av Guds Ord: Kvinneforening, søndagskule, julefestar, samlingar for ungdommar og konfirmantar,



Hausten 2021 er innhaldsrik. I tillegg til Sundagstreff med TREFF barnesamling annankvar sundag, er det sett opp to møteveker. 8.–12. september kjem Roald Evensen (ImF) på besøk og 29. september – 3. oktober kjem songevangelistane Marit Stokken og Irene Krokeide Alnes (ImF). Det å få samlast kvar kveld er ikkje så vanleg lenger, men kan fort ha ein positiv effekt på både trusliv og fellesskap. Me er også heldige som har Egil Gammelsæter med oss. Han skal ha egne bibeltimar stort sett kvar tysdagskveld denne hausten. Annankvar tysdag er det MiniTREFF i bedehuskjellaren. Dette er et rykande ferskt tilbod for aldersgruppa 0 – 6 år.

Me er også glade for at Julie Haaberg startar som barne- og ungdomsarbeidar

no i haust. Ho skal mellom anna ha ansvar for Origo ungdomsklubb og koordinering av barnarbeid i Øystese og Norheimsund.

Følgjande personar utgjer styret i Øystese indremisjon: Richard Longo, Andreas Ølfarnes, Bent Inge Bentsen, Miriam Sørheim Almeland, Nils Gunnar Oma, Jakob Haaberg, Randi Sæleset, Sarah-Linn Black og Vidar Sangolt. Me er også heldige som har rutinerte Harald Kjosås og eit oppegående husstyre med på laget.

Øystese indremisjon ynskjer alle alle ein god haust og håpar på godt samarbeid mellom kyrkjene og bedehusa i Kvam!

Les meir på www.bedehusweb.no

**Øystese indremisjon
Vidar Sangolt, leiar**

bibelgruppe og sjølvsgt til vanlege "bedehusmøte" med forkynning, vitnesbyrd, bøn og song.

Dei siste åra har det vore få medlemmer i laget og bedehuset har vore lite brukt, men det krev sjølvsgt både tid, pengar og ressursar å eiga/driva bygningen. Føremålet med Indremisjonsforeninga er å forkynna evangeliet på ulike måtar. Laget vurderer at vi får betre høve til dette når vi ikkje skal eiga/driva eit hus. Laget tenkjer å leiga lokale for å arrangera vanlege møter, song- og musikk møter, samlingar for born osv.

Fosse Indremisjon er glad for at Jon Fosse-stiftinga kjøper bedehuset. Og ekstra kjekt er den gode tilbakemeldinga vi fekk frå Jon Fosse: «Eg er svært takksam for om de vil selja Fosse bedehus til stiftinga»... «Det har vore ymse framlegg til lokalisering av dette senteret, og for meg er den opplagt beste staden Fosse bedehus.

**Anne Marie Bogetveit Berge
leiar i Fosse indremisjon**

**Fleire glimt frå dei andre bedehusa
kjem etter kvart. Redaksjonen**



Sommaravslutning for mannsgruppa i Norheimsund.

KIA har starta mannsgrupper for menn med innvandringsbakgrunn, som ser fram til å møtast kvar veka framover for både samhald og auka kompetanse. Frå ein lengre artikkel frå Kia har me sakså nokre gode poeng:

Eit nytt satsingsområde for KIA er å støtta integreringsprosessen for innvandrarmenn gjennom samlingar i grupper. Dette prosjektet kom i gang i fjor, Møteplass for innvandrarmenn, og takka vere fleiårig støtte frå *Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet (IMDi)* har vi i år auka tilbodet og etablert mannsgrupper i Kristiansand, Bergen, Norheimsund, Stavanger, Oslo og Molde.

Dette prosjektet kallar vi "Mannsgrupper for samfunn-, arbeid- og språkkompetanse", kor vi hjelper deltakarane til å auka kunnskapen om det norske samfunnet gjennom ein fast samlingsplass kvar veka kor ein praktiserer norsk i eit sosialt fellesskap. Så etter å ha fått prosjektmedarbeidarar og frivillige på plass dei seks stadene, har vi jobba med rekruttering for å samla menn som er heilt eller delvis utanfor arbeidslivet til å bli faste deltakarar i gruppene. Deltakarane treng praktisera norsk, og er på forskjellige nivå i integreringa så vi har spurt dei enkelte gruppene kva behov dei har. Mange er usikre på kva som er venta av mannsrollen i vårt samfunn, dei treng hjelp til å søka jobb, nokre treng lærekøyra bil og forstå teorikurset,

nokre treng vita korleis ein får startlån av kommunen for å kjøpa bustad, mange kjenner ikkje til allemannsretten for bruk av naturen vår, og vi opplev at mange fylgjer veldig mykje med på kva som skjer i deira opphavsland, men ikkje får med seg nyhende frå Noreg. Og svært mange uttrykk at dei hodsakeleg omgår folk frå sine opphavsland, og ikkje har ein einaste norsk ven.

Vennskap

I oppstarten har vi vore tydeleg på at det er viktig å la alle kjenna seg velkommen i gruppa og byggja vennskap, så i tillegg til å fokusera på viktige tema som koronaviruset og stortingsvalet til hausten, har vi gjort hyggelege aktivitetar som grilling, restaurantbesøk og fisketur. Slikt sosialt samvær er det mange som har lengta etter gjennom pandemien, men for mange av deltakarane som har kome med traumatisk bakgrunn har vi fått ein ny forståing for kor viktig det er å samlast.

- Is this a dream? Ikkje ein einaste nordmann har snakka med meg sidan eg kom, så tusen takk for at de ser meg, sa ein rørt Robiel (25) når vi gav han ein kopp kaffi og tok oss tid til å spørja korleis han verkeleg har det under samlinga til mannsgruppa i Norheimsund.

For Robiel har blitt plassert i ein leilegheit i Kvam kommune midt i koronakrisa, og nærmast levd innesperra i eit halvt år utan å helsa på ein einaste nabo sidan

han kom frå flyktningeleir. Berre folk frå det offentlege har vore i kontakt med han, i tillegg til nokre busette flyktningar i kommunen, så då betyr det så mykje å bli tatt i mot i eit sosialt fellesskap og føla seg heima i mannsgruppa.

Finna sin plass

I tillegg til dei som møter fast er det også forfriskande med besøk frå eksterne fagpersonar som kan informera og inspirera. I Norheimsund er mange i gruppa i deltidjobb, men ingen eig eigen bustad for dei får ikkje lån. Derfor har prosjektmedarbeidar Tor Håkon Berge vore i kontakt med kommunen for at dei skal komma og informera gruppa om startlån.

Mannsgruppene skal samlast kvar veka både i år og til neste år, og fylgjer i utgangspunktet lokale skuleruter, men alle seks stadene har hatt samlingar inn i sommarferien no i etableringsfasen. For vi ser kor etterlengta dette tilbodet er for deltakarane, så ser fram til fortsetjinga og håper gruppene vil etablara seg i endå fleire stader i Noreg slik at stadig fleire innvandrarmenn får brukt seg sjølv og finna sin plass i sitt nye heimland.

Hallgeir Berge, KIA

Pastor Robert

Dei har eit brennande engasjement for evangeliet. Og dei er takknemlege for den hjelpa dei får frå Bethesda, skriv Øystein Ådland frå ei gudsteneste han var med på i Nepal.

Robert er pastor for ein liten kyrkjelyd. Like i utkanten av Pokhara i Nepal bur både han og kyrkjelyden. Saman med den vesle familien leiger dei eit husvære der. Laurdag føremiddag, gudstenestedagen i Nepal, ryddar dei den vesle stova for det vesle dei sjølv eig. Då skal stova vera kyrkje. Slik bur dei i lag, Robert sin familie og kyrkjelyden han er pastor for. Men draumen er eit eige kyrkjebygg, - når kyrkjelyden vert større.

Robert er også ein av dei som er med i kursverksemda til sjelesorgsenteret Bethesda i Pokhara. I lag med fleire andre gode vegleiarar hjelper dei kyrkjeleiarar og pastorar til god sjelesorg-praksis i kyrkjene sine. Dei små kyrkjelydane har ofte pastorar med lita eller inga formell utdanning. Men dei har eit brennande engasjement for evangeliet. Og dei er takknemlege for den hjelpa dei får frå Bethesda.

Me fekk vera med på gudsteneste i kyrkja til Robert. Nett denne dagen var



Nokre av kyrkjelyden står framfor kyrkjehuset deira. Robert er til venstre i biletet med stripete skjorte.

dei fleste av kyrkjelyden bortreiste. I samband med ein hindufestival var det fleire fridagar som gjerne vart nytta til å besøkje slektningar andre stader i landet. Stova var rydda til gudsteneste. Alle sit på golvet så det vert ikkje snakk om å finna stolar. Robert spelar gitar til songane. Nokre unge jenter er heile kyrkjelyden denne dagen. Men me får ei fin stund i lag.

Etter gudstenesta ser me oss om i nabolaget. Nede ved elva er det bygd eit kraftverk. Det er dei stolte av. På andre sida av elva ligg ein annan landsby.

– Kva med dei som bur der? spør me.

Bøn og arbeid

– Eg skal ha kontakt med dei, svarar Robert. Men først må eg be for dei. Så tek eg nok kontakt. Målretta arbeid førebudd med bøn. Slik er det mange av dei små kyrkjelydane i Nepal har starta.

–Men kva med husverten som bur i etasjen over? Er det ein kristen familie?

–Ikkje enno. Og dei kjem ikkje til gudstenestene. Men eg veit dei høyrer det meste av gudstenesta frå der dei bur. Kanskje ein dag

Øystein Ådland

Dette er ingen søndagsskole

«Dette er ingen søndagsskole» er et uttrykk som ofte blir brukt i media. Mange assosierer kanskje søndagsskolen med prektighet, englebarn og noe som hører fortiden til. Men søndagsskolen finnes fremdeles – og selv ikke under en pandemi kaster alle søndagsskoleledere inn håndkleet.

Utesøndagsskoler

Avstand, håndsprit og utelek har vært stikkord for de mange søndagsskoler og barnegrupper som har hatt samlinger under pandemien. Bedehus og kirkerom er blitt byttet ut med natur, og kreativiteten har vært stor. Trebåter med materiale fra skogen er laget når bibelfortellingen Peters fiskefangst har vært tema. Bålpanne, sanger og leker med bevegelse har holdt barna varme selv i kuldegrader.

Ekstra arbeid og færre samlinger

Smittevern har ført til ekstraarbeid og behov for flere ledere for å klare å gjennomføre samlinger for barna. Enkelte grupper har byttet ut fysiske samlinger med digitale, eller levert søndagsskolebladet Barnas i postkassene til sine medlemmer. Andre har promotert den nasjonalt produserte Gulliver-podcasten til sin gruppe.

Det har vært viktig for oss i Søndagsskolen Norge å oppmuntre søndagsskoleledere til å ha samlinger til tross for koronapandemien. Fordi vi tror at det søndagsskolen kan gi barna, som trygghet og gode verdier, er spesielt viktig i en tid med mye usikkerhet. Vi er glade for fokuset på at koronarestriksjonene i minst mulig grad skal ramme barn, slik at de kan gå på skolen og drive med fritidsaktiviteter som for eksempel søndagsskole.

Inspirasjon til å starte igjen

Søndagsskolene rundt om i landet drives av flere tusen frivillige ledere. Uten de frivillige, ingen søndagsskoler. Rundt 50 % av alle søndagsskolegrupper i Norge har ikke hatt aktivitet under koronapandemien. Vi er spente på om alle gruppene kommer til å starte opp igjen etter sommeren, når vi håper at smittesituasjonen er en helt annen.

Vi jobber aktivt for at lederne ikke skal mistet motet, og at de skal få inspirasjon til å starte opp igjen til høsten. Fordi vi ønsker at barna skal få muligheten til å bli kjent med og undre seg over bibelfortellingene, sammen med andre barn og voksne i en barnegruppe.

Guro Abrahamsen,
kommunikasjonssjef i Søndagsskolen



Fredrik Christian Bruun

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i
Prestar i Kvam

-Men også i Hurdal fekk Bruun gi ei hand til Kvam. Han fekk høyra at ein unggut heimhøyrende i Skåro studerte teologi i Oslo. Bruun hjalp Johannes Nilsson Skaar økonomisk. Skaar vart rekna som ein av dei beste talarane i landet. Seinare vart han biskop i Hålogaland og seinare i Nidaros, skriv Ove-Kjell Sakseid

Murane vart laga etter Fredrik Christian Bruun sitt ønske, og kyrkja bygt etter eigarane og bøndene sine ønske, med det resultatet at murane er fot store, - eller like gjerne at kyrkja vart for liten alt frå først av. Dette nederlaget gjorde nok sitt til at presten søkte seg bort frå vårt område, og hamna til all lukke i Hurdal.

Fredrik Christian Bruun var sokneprest i Vikøy då kyrkja vart bygt i siste halvdel av 1830-åra. Han kjempa så lenge han kunne for at kyrkja skulle byggjast større enn slik ho vart. Dei som kjempa imot han, var kyrkjeieigarane og bøndene som måtte vera med å kosta kyrkja. Murane vart laga etter Bruun sitt ønske, og kyrkja bygt etter eigarane og bøndene sine ønske, med det resultatet at murane er fot store, - eller like gjerne at kyrkja vart for liten alt frå først av. Dette nederlaget gjorde nok sitt til at presten søkte seg bort frå vårt område, og hamna til all lukke i Hurdal. Dette skal me koma attende til.

Fingrar her og der

Berre tre dagar før han fylte 26 år, vart Fredrik Christian Bruun utnemnd til sokneprest i Vigøer Sogn, og var på plass ei stund etter påske i 1830. Ifølgje 100-års-skriftet til Vikøy kyrkje skal han ha skrive i kyrkjeboka: «*Gud den algode, skjænke mig for Jesu Skyld sin nådefulle Bistand til min vigtige og vanskelige gjerning*». Han fekk nok å hengja fingrane i, eller rettare: Han hengde fingrane bort i mangt.

Eit års tid etter at han kom til Kvam, gifte han seg med eldste dotter til Johannes Kristian Irgens, som hadde vore prest i Kvam frå 1808 til han døydd i 1829. Dei fekk fire eller fem av dei åtte borna sine medan dei var i Kvam.

Fredrik Bruun har truleg ikkje hatt økonomiske problem. Noko hadde han nok frå

fares, som var kjøpmann i Oslo, og dette gjorde at han sette i gang med prosjekt som i grunn ikkje låg under prestetenesta.



henda pryla dei for mykje. Difor var det best å halda fram med omgangsskule, der ein hadde ei husfrua som kunne halda auga med læraren medan ho kokte ved grua. Bygningen vart flytta til Århus, sidan til Reistveit att der han hadde stått frå først av, og til slutt hamna han i Øystese.

Soknepresten hadde nok tanke for opplæringa av borna, om han mislykkast den eine gongen. Då det kom skulerom på Kaldestad, var det han som kosta inventar og utstyr der.

Bygde hus

I Vikøy stod det eit stabbur-liknande hus som var sett opp av Kristoffer Frimann Sjursen Hjeltnes. Dette var nok bygt opp like etter 1784, for søknaden om å få setja hus opp i Vikøy, Jondal og Eidfjord kom kongen i hende det året. Husa skulle vera kornlager, og rimeleg korn skulle kjøpast inn, og i dyrtider kunne det seljast rimeleg i bygdene. Eit styre skulle stå for drifta.

No var huset i svært dårleg forfatning, og Bruun sette opp nytt.

Kyrkjevegen til Vikøy gjekk for dei fleste med båt. Dette ville Bruun endra på, og starta med vegbygging frå Vikøy til Norheimsund. Dette arbeidet stoppa opp av seg sjølv etter ei tid.

Reiste til Hurdal

Me skal ikkje stoppa lenge ved kyrkjebygginga han stod midt oppe i. Men han skal ha teikna orgelet og elles gitt ein del til kyrkja me enno finn att der. Men det var nok nederlaget i samband med storleiken som fekk han til å søkja seg bort. Han fekk plass i Hurdal og vart tilsett der 29. mars 1838, fire månadar før nyekyrkja i Vikøy vart vigsla.

Men også i Hurdal fekk han gi ei hand til Kvam. Han fekk høyra at ein unggut heimhøyrende i Skåro studerte teologi i Oslo. Denne ungdommen hadde det ikkje så romsleg økonomisk. Bruun hjalp han økonomisk slik at han fekk fullføra studiane. Som nyutdanna prest kom Johannes Nilsson Skaar til Gjerstad på Sørlandet. Han vart rekna som ein av dei beste talarane i landet. Seinare vart han biskop i Hålogaland og seinare i Nidaros.

Prest og ordfører

Den nye soknepresten hadde ikkje vore lenge i tenesta då han vart valt til første ordføraren i Vigøer. Den tid måtte ordføraren vere skrivefør og rekneskapskyndig, for det var han som skreiv protokollane og heldt brevvekslinga i hevd. Han skulle og ha oversikt over kassen både til heradet og ein del underliggjande etatar, mellom anna skulen og fattigkassen.

I 1836 kom det eit biskopskriv om at «*det i overensstemmelse med Loven skulde oprettes fast Skole i Vigøer Sogn*». Dei folkevalde vedtok å byggja skule i Steinsdalen. Bruun baud seg til å byggja denne skulen for eigen kostnad, og sette kanskje i gang litt for tidleg. Skulestova var 10 x 10 alen, og inngangsparti og lærarrom kom i tillegg. Men om det nokon gong vart halde skule i bygningen, er uvist. Bøndene ville ikkje senda ungane dit. – Læraren ville kan

Vegard Markhus

Har du nokon gong blitt átvara mot å lese ei bok fordi ho er så kjedeleg? I boka «Ei kjedeleg bok» átvarar hovudpersonen oss om kor kjedeleg boka er: «Ikkje les dette! Det er ei kjedeleg bok. Eg skulle ønskje eg var i ei anna bok.» Det må vera ei uuthaldeleg keisam bok når ikkje ein gong hovudpersonen orkar tanken på ho?

Boka er ikkje keisam! Ho er både morosam og original. Ho får oss til å lese, le, tenke og delta i forteljinga. Dette er så langt frå keisamt som eg kan tenke meg. For eit genialt trekk frå forfattaren si side!

Forfattaren kjem sjølvsgt frå Kvam Vegard Markhus (37) oppvaksen i Norheimsund, busett i Bergen. Han er lærar, muskar, illustratør, forfattar og formidlar. I lag med Bjørnar Sangolt (også frå Norheimsund!) utgjer han duoen Naboen min som lagar musikk for born. De hugsar vel Rockesokk?

Ei av favorittbøkene mine heiter «Timothy mister seg sjølv». Den ytre handlinga er om kroppen. Denne boka kan til dømes vera ein god reiskap når borna skal læra om kroppen. Eller om livet generelt. Timothy er ein vaksen mann som bur åleine og har det bra. Ein dag minster han ein tann. Tanna er berre byrjinga. Litt etter litt dett den eine kroppsdelen etter den andre av. For ein barnleg lesar (i alle aldrar) er dette rasande festleg og me ler høgt og lenge. Men forteljinga om Timothy er i tillegg nydeleg filosofisk og opnar opp for samtalar om både det eine og det andre.

Er det så viktig om øyrene sit på kvar si side av hovudet så lenge me har det bra? Markhus sitt særpreg ligg i samspelet mellom forteljinga og illustrasjonane. Han er leiken og skapar humor ved å snu kjende kontekstar og samanhengar på hovudet. Me beundrar han!

Vil du ha eit lesetips?

Kva kan høve betre enn boka «Epleslang» no om hausten?



Kvam bibliotek



Forfattar Vegard Markus. Foto: Stine Friis Hals.

Utgjevingar av Vegard Markhus

- Kunst og hærverk (Samlaget, 2021)
- Det runde problemet (Biletbok, Aschehoug, 2019)
- Ei kjedeleg bok (Biletbok, Aschehoug, 2017)
- Full fart! (Barnebok, Samlaget, 2016)
- Epleslang (Barnebok, Samlaget, 2015)
- Klassebildet (Barnebok, Aschehoug, 2013)
- God natt. Bok og musikk (Billedbok, Fashion moves literature, 2012)
- Timothy mister seg sjølv (Biletbok, Aschehoug, 2010)
- Redd (Biletbok, Aschehoug, 2008)

Ny barne- og ungdomsarbeidar i Øystese og Norheimsund




ØIM og NIM har fått på plass ny barne- og ungdomsarbeidar. Julie Haaberg er tilsett i ein 50% stilling som barne- og ungdomsarbeidar frå 1. august. Dette vil gje eit løft i barne- og ungdomsarbeidet. Julie Haaberg er 25 år og kjem frå Åsane. Ho har lærarutdanning og har akkurat avslutta fjernstudie i kristendom ved Fjellhaug internasjonale høgskole i Oslo. Ho er gift med Jakob Haaberg og dei har to barn. Familien har nettopp flytta inn i nyinnkjøpt leilighet i Kyrhagen i Øystese.

Julie har mykje erfaring med barne- og ungdomsarbeid. Ho har vore ungdomstalar ved Lyngdal Bibelcamp og har vore mykje på leiar på Raknestunet. Ho har

hatt ansvar for barnelag i Kyrkjekrinsen bedehus. Ho har også vore ein sentral del av ungdomsarbeidet i Nordhordaland indremisjon og Indremisjonssamskipnaden (IMS). Etter at familien flytta til Kvam, har Julie engasjert seg i barneklubben TREFF og ungdomskonferansen LINK ved Øystese bedehus.

Arbeidet til Julie vil bl.a. bestå av å koordinere barnearbeidet på Sundagstreff i Øystese og Allesamansamling i Norheimsund og vere sentral i arbeidet rundt Ori-go ungdomsklubb og diverse ungdomsarangement.

Vidar Sangolt
Øystese indremisjon



Velkommen til gudsteneste!

9.september

Øystese kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik, kateket Mampion og kyrkjelydspedagog Eivind Daniel B. Røed.

12.september

Norheimsund kyrkje kl.10 og kl.12
Konfirmasjonsgudstenester
Prestevikar Marna Roer, kateket Mampion og konfirmantane.

Ålvik kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

18.september

Øystese kyrkje kl.10.30 og kl.12
Konfirmasjonsgudstenester
Sokneprest Lars Arne Vik, kateket Mampion og kyrkjelydspedagog Eivind Daniel B. Røed og konfirmantane.

19.september

Øystese kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Dåp og nattverd.

Strandebarm kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Roar Strømme og konfirmantane.

26.september

Norheimsund kyrkje kl.11
Familiegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik og kateket Mampion. Dåp. Utdeling av bok til 4-åringane. Song av barnekoret Shine.

Ålvik kyrkje kl.17
Familiegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik og kateket Mampion. Preike ved kateket Mampion. Utdeling av bok til 4-åringane og 1.klassingane.

3.oktober

Strandebarm kyrkje kl.11
Familiegudsteneste
Sokneprest Roar Strømme. Dåp.
Utdeling av bok til 4-åringane.

Øystese kyrkje kl.11
Familiegudsteneste
Hausttakkefest. Sokneprest Lars Arne Vik.
Dåp. Utdeling av bok til 4-åringane.

10.oktober

Ålvik kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

Norheimsund kyrkje kl.17
Sokneprest Roar Strømme. Dåp. Nattverd.

17.oktober

Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.

24.oktober

Norheimsund kyrkje kl.11
Konfirmantpresentasjon
Sokneprest Roar Strømme. Dåp.

Ålvik kyrkje kl.11
Konfirmantpresentasjon og hausttakkefest
Sokneprest Lars Arne Vik.

31.oktober

Øystese kyrkje kl.11
Familiegudsteneste og konfirmantpresentasjon
Sokneprest Lars Arne Vik. Andakt ved Kari F.Aalvik.
Øystese barnekor tek del.

7.november

Norheimsund kyrkje kl.11
Helgemesse-gudsteneste
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.
Me minnes dei som har gått bort sidan sist helgemesse,

Øystese kyrkje kl.11
Helgemesse-gudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
Me minnes dei som har gått bort sidan sist helgemesse.

14.november

Norheimsund kyrkje kl.11
Familiegudsteneste med LysVaken?
Sokneprest Roar Strømme.

Strandebarm kyrkje kl.17
Sokneprest Roar Strømme. Dåp og nattverd.

21.november

Øystese kyrkje kl.11
LysVaken? Sokneprest Lars Arne Vik.

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

JEG GÅR I TUSIND TANKER


Hans Nielsen Hauge – turné

Norheimsund kyrkje
fredag 24. sept kl 19.00

250-årsjubilanten Hauge tilbakela vel 1500 mil, hovedsakelig til fots, da han forkynnet sin tro, dannet vennsamfunn, og bidro til en eventyrlig handels- og industrivirksomhet tidlig på 1800-tallet. Men hvem var han? Og hvilket uttrykk var han for sin tid?

Frode Skag Storheim tar oss med inn i Hauges verden gjennom historie, kunst og musikk: Her får vi se hvordan Hauge var et uttrykk for en gryende romantisk bevegelse, hvor individet kunne reise seg mot overmakten og forkynne nye idéer – religiøse såvel som praktiske. Det blir verk av bl. a. Grieg, Beethoven og Egil Hovland, og konsertforedraget skal i beste Hauge-ånd på turné til flere steder hvor hans gjerning satte varige spor.





MI SALME

Din trofaste kjærlighet kan aldri svikte

Da jeg fikk spørsmål om å skrive noe om min salme, syns jeg det var vanskelig. Det er så utrolig mange salmer jeg er så glad i. Etterat den nye salmeboka kom, er det også en del nye salmer jeg har tatt til meg.

En av disse er salmen på nummer 382 *Din trofaste kjærlighet*.

Vi som er kommet opp i åra husker salme-puggingen fra skolen og konfirmanttiden. Ikke alltid like kjekt å pugge. Men nå er jeg så takknemlig for det. Salmeversa er lette å bære og lette og ta fram.

Nummer 382 *Din trofaste kjærlighet* måtte jeg sette meg ned og lære utenat. Den var lett å lære bare et vers, og med en enkel men flott tekst og fin tone. God og syngte.

Siden har jeg sunget den nesten hver morgen. Her står det om Guds trofaste kjærlighet. Det står i Klagesalmene 3,22-23

Ragnhild Espedal Helleve (76)



er fødd og oppvokst i Stavanger, arbeidet i Televerket der og her i Norheimsund frå 1967, var på Opplysningen 1881 de siste åra, gift med Olav Helleve frå Voss, har tre barn og seks barnebarn.

at den kan aldri svikte, at hans barmhjertighet og trofasthet aldri tar slutt. Ja, den er ny hver morgen. Den varer alle dager og alle slags dager. Ikke alltid kjennes det sånn, men det står at han har lovet å være med oss alle dager.

*Din trofaste kjærlighet kan aldri svikte.
Din barmhjertighet, den kan aldri ta slutt.
Den er ny hver en morgen, ny hver en morgen.
Stor er din trofasthet, o Gud, stor er din trofasthet.*

T & M Edith McNeill 1974
O Inga-Märtha Isacson 1981

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Ålvik sokn

Nelia Torvund Rykkje

Øystese sokn

Sverre Rykkje Idsø
Elvin Jørgensen-Gjerde
Jakob Hansen
Sander Rykkje Straumstein

Vikøy sokn

Gustav Fonneland Erstad
Liva Moss Byrkjeland
Linus Uwimana
Torvald Aarekol

Strandebarm sokn

Håvard Røyrvik Ødegaard
Torvald Gjerde Brurok
Edith Berg Garthus
Othilde Kvåle Mørner
Linnéa Kvåle Mørner
Hennie Rørvik Lossius
Ea Gravdal Eliassen

VIGDE

Ålvik sokn

Eirin Sjo Rysjedal og Jørn Rune Ekerhovd Knutsen

Øystese sokn

Helga Lisbeth Henriksen og Frode Bruvoll
Ingeborg Mæland og Arin Molven

Strandebarm sokn

Linda Lid og Francois Pierre Eve
Ingebjørg Isaksen og Mads Hinderaker
Maria Revheim Eilertsen og John Henrik Thorbjørnsen
Torunn Baldersheim og Asbjørn Skogasæl
Malene Steiestøl og Vegard Berge Sandven
Anne Marte Søviknes og Espen Lillefosse
Helene Bernt Håkonsen og Andreas Olav Knarvik

DØDE

Ålvik sokn

Eilif Stølan (f.1923)
Karen Johanna Flotve (f.1932)

Øystese sokn

Arnt Sandven (f.1937)
Hanna Magdele Fosso (f.1929)
Britt Torill Hansen (f.1960)
Birger Kalland (f.1926)

Vikøy sokn

Selmer Mo (f.1929)
Marta Målfrid Tufteland (f.1939)
Sverre Skjelbreid (f.1939)
Andrea Steine Vigdal (f.2021)
Audun Straumstein (f.1942)
Harald Byrkjeland (f.1937)

Strandebarm sokn

Ingrid Nora Dysvik (f.1925)
Rakel Rise (f.1942)
Gisle Gausvik (f.1953)
Håkon Hamre (f.1949)

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (70) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



Stram som ein

Ei av oppgåvene som prest i Sauda tidleg på 1990-talet, var å ha andakt på sjukeheimen kvar torsdag ettermiddag. Etter ein andakt, møtte eg min tidlegare nabo; gamle Leif, i gangen, med pipe i munnen. Han var nesten 92 år gamal, høg, rak i ryggen, men hadde tapt seg ein del i øvste etasje.

«God dag Leif!» sa eg.

«Nei, god dag!» svara Leif.

«Eg må seia du er sprek som går utan stav i din høge alder.»

«Ja, det er heilt rett.»

Det slo meg at Leif hadde godt av skikkeleg skryt, så eg sa til han:

«Ja, du er stram som ein konfirmant, Leif!»

Det vart ein liten pause, så ser Leif på meg og seier:

«Ja, var det ikkje du som konfirmerte meg?»

Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggcenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

Byggmeister
PER AUGESTAD A/S
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910
Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no
MESTERHUS
www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Ein betre vår ein gong

Sundag 24. oktober får du høve til å høyra Laudamus syngja nokre av dei mest kjende salmane av Elias Blix og læra meir om salmediktaren, politikaren og målmannen Blix. Sist, men ikkje minst: Me som er publikum får også lov til å vera med å syngja.

Professor Anders Aschim har i mange år forska på den samfunnsengasjerte nordlendingen Blix, som vaks opp i enkle kår og enda opp som statsråd. Me kjenner Blix best som opphavsmannen til mange av dei vakraste og kjæraste salmane våre. Mindre kjent er gjerne politikaren Blix og arbeidet hans for å fremja det norske språket, landsmaalet, på 1800-talet.

Laudamus har funne fram Blix-salmar som koret er glad i, og Aschim vil ta utgangspunkt i desse utvalde salmane.

Anders Aschim er professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Innlandet på Hamar. Han har tidlegare mellom anna vore bibelomsetjar for Det Norske Bibelselskap.

I 2008 gav han ut biografien *Ein betre vår ein gong: Elias Blix*.

No i haust kjem boka «Den fyrste bibelen paa norsk»: *Historia om Fyrebibelen*. Denne boka har Aschim skrivne saman med kollegaen sin, Per Halse ved Høgskulen i Volda, i samband med hundreårsjubileet for den første fullstendige norske bibelomsetjinga.



Professor Anders Aschim

Ein betre vår ein gong Blix-kveld

ved Laudamus og Anders Aschim
i Norheimsund kyrkje,
24. oktober kl 18.00

Vipps og kontant ved døra

Arr: Laudamus og Kvam Mållag,
med stønad frå Folkeakademiet

SENIORSPALTA

Elias Blix – Salmediktar og språkmann

Ivar Åsen la grunnlaget for det nynorske skriftspråket. Men kva betydning hadde Elias Blix (1836-1902) for språkutviklinga i landet vårt? Eg trur ikkje hans innsats og betydning er like godt kjent, spesielt når det gjeld nynorsksalmar og bibelomsetjing. Han vaks opp på Sandhornøy i Gildeskål. Her dreiv foreldra eit lite småbruk med fiske til attåttnæring. Mora hadde ei sterk gudstru som kom til å setja farge på Elias Blix.

Den sosiale lagdelinga i Noreg på den tid var skarp og nådelaus, gav ikkje tenestefolk og husmenn så store sjansar til utdanning. Men Elias Blix kom langt, takke vera ein god støttespelar i heimbygda. Han fekk lærarutdanning i Tromsø og seinare teologisk embetseksamen i Oslo. Då han tok eksamen i norsk stil på lærarskulen var oppgåva: Skomager, bliv ved din læst. Det viser litt av tidsånda, nemleg at folk frå lågare stand skulle bli verande der. Då han var ferdig utdanna teolog, drog han heim til Gildeskål. Det var vanleg at nyutdanna teologar fekk preika i heimekyrkja si, men presten i Gildeskål nekta han det, mest sannsynleg fordi han meinte at ein skulle bli ved sin lest. Historikarane meiner at dette tok Elias Blix svært tungt. Då han drog attende til Oslo, kom han aldri meir heim igjen til Gildeskål.

Syngja salmar på eige språk

I 1859 skjedde det noko i livet hans som gjorde at han opplevde eit språkleg vendepunkt. Han kom over *Det norske folkespøgs grammatikk* av Ivar Aasen. Frå då av vart han målmann, tok til å skriva songar og salmar på nynorsk og omsette deler av Det nye testamentet til nynorsk. Han vart etter kvart ven både med Aasen, Garborg og Vinje. I ei tid der dansk var rådande, kom det til å bety svært mykje for folk rundt i landet då dei fekk syngja salmar på sitt eige mål og etter kvart også høyra bibeltekstar lese på nynorsk frå preikestolen.

I språkstriden på den tida låg det sjølv sagt ein nasjonalistisk kamp for frigjering frå dansk styre, men for Blix var det også eit reint religiøst motiv: Evangeliet nådde ut og fram når folk fekk det på sitt eige språk. Det er sagt at Landstad og Blix fullførte reformasjonen i Noreg. Dei la grunnlaget for ein evangelisk salmesong som kyrkjelyden kjende seg heime i. Innføring av nynorsksalmar gjekk ikkje føre seg

Johnny Knudsen

Tidlegare sokneprest
i Kvam, foto Lars Arvid Oma



utan sverdslag. I Åkra på Karmøy f. eks ville ein skulestyrar ha ein lærar avsett fordi han hadde drista seg til å syngja Gud signe vårt dyre fedreland med elevane.

Vert framleis sunge

Mange av salmane og songane til Elias Blix blir framleis mykje nytta. *Gud signe vårt dyre fedreland* er sjølv sagt mellom dei. I ei olsoksgudsteneste i Nidarosdomen, då dei til slutt song denne, bøygde Bjørnstjerne Bjørnson, som var til stades der, seg til sidemannen og kviskra: *Men Blix er jo dikter*. Kjende salmar frå hans hand er mellom anna *Kling no klokka*, *No koma Guds englar med helsing i sky*, *Syng i stille morgonstunder*, *Med Jesus vil eg fara* og *No livnar det i lundar*. *No livnar det i lundar* nyttar vi ofte om våren som ein vårsong, men mest sannsynleg skreiv Blix den som ein pinsesalme noko eit av versa får fram: *Så sende Gud sin Ande som dogg på turre jord, då vakna liv i landet, då grøddest vent Guds ord*.

Heimstaden livet ut

Om Blix ikkje vende attende til Gildeskål etter at han vart nekta å preika der, bar han minna om heimstaden med seg livet ut, noko som kjem sterkt fram i songen: *Å eg veit meg eit land langt der oppe mot nord*. Vi som har vore i heimtraktene hans ser føre oss fjella som stig mot sky, havet der dei dreiv fiske på godversdagar og den lyssande strand mellom høg fjell og fjord. Her får heimen den gode attest: *I min heim var eg sæl av di Gud var attved. Og eg kjende så vel kor det anda Guds fred*.

Dette var berre ein liten smakebit frå livet til ein stor salmediktar og språkmann. **Den 24. oktober** kan du ta vegen til Norheimsund kyrkje for å høyre meir. (Sjå eiga annonse) Kanskje opplever vi noko av den same kampen i vår tid for nynorsk språk som dei den gongen. Kvam mållag er arrangør av samlinga i kyrkja.

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

KIRKENS
SOS

22 40 00 40

NYUTDANNET TEOLOG FRA KVAM

Jeg forandrer meg. Det gjør ikke Gud

-Særlig ønsker jeg, ved Guds nåde, å få jobbe for at de fordømmene og misoppfatningene av Gud som folk måtte ha, kan få oppklares, slik at de som ikke vil ha noe med Gud å gjøre, i det minste kan takke nei på grunnlag av hvem han faktisk er, og ikke avvise ham på grunnlag av hvem de tror at han er, skriver Bård Skeie Sørheim, nyutdannet teolog på oppfordring til Kyrkjeblad for Kvam.

Etter mange år med teologistudier kan Bibelen stå i fare for å bli lite mer enn et verktøy. Teologen kan fristes til å betrakte Bibelen som bare et studieobjekt. Men teologien er ikke bare et akademisk studie. Det har mine medstudenter og jeg forsøkt å minne hverandre jevnlig på de siste årene. Om å huske hvorfor vi begynte å studere teologi. Hva som skulle være motivasjonen mens vi leste til eksamen. Målet var jo nettopp å tjene den nasjonale og verdensvide kristne kirke. Da må den levende Gud være i sentrum av teologien og av studiehverdagen.

Faktiske mennesker

I skrivende stund er det 64 dager siden vi leverte masteravhandlingene våre. Det var ikke alltid like lett å ha kirkens gagn og Guds ære som hovedmotivasjon hver dag i et helt år med skriving og lesing. Men da vi stod en solrik junidag på taket av Studentheimen på Fjellhaug, med utsikt over Oslo, og gledet oss over at vi var ferdige, slo alvoret inn over oss. Nå stod arbeidslivet for tur. Skrivepult og bøker «byttes ut» med faktiske mennesker. Da var det fint å kunne sette seg ned sammen og be for hverandre og det som lå foran. Det ble umulig for oss å ikke snakke «en siste gang» om hva målet med teologistudiet vårt var. Vi skulle ut og la andre få nytte av det vi hadde lært.

«Hva brenner du for?» Det spørsmålet har jeg fått mange ganger de siste årene.



Bård Skeie Sørheim (26) er nyutdannet teolog fra Fjellhaug Internasjonale Høgskole. I dag jobber han for Misjonssambandet Ung ved Norsk Luthersk Misjonssambands hovedkontor i Oslo, og kommer fra Norheimsund. Foto: Estera Kluczenko / Fjellhaug internasjonale høgskole.

Spørsmålet får meg innimellom til å lure på om jeg har falt i grøfta jeg beskriver innledningsvis. Hadde du spurt meg for fem år siden, hadde jeg nok opplevd at følelsene mine var sterkt engasjerte i svaret. Jeg kom fra et år med ungdomsarbeid i Nord-Norge, hvor jeg fikk se flere ikke-kristne ungdommer på Misjonssambandets videregående skoler få tillit til Jesus. Etter det var det ikke vanskelig å se verdien av et studium som kunne la meg bruke arbeidshverdagen på å gjøre Jesus kjent for enda flere.

Oppklare fordommer

Spør du meg i dag, er nok følelsene noe mer dempet. Jeg vet ikke om jeg «brenner» så mye. Jeg er bare et menneske, og jeg forandrer meg. Men det gjør ikke Gud.

Hans hjerte brenner nøyaktig like mye i dag som for fem år siden for at mennesker som ikke har fått kjennskap til Ham skal få det. Dét ønsker jeg å gjøre det jeg kan for å bidra til. Særlig ønsker jeg, ved Guds nåde, å få jobbe for at de fordømmene og misoppfatningene av Gud som folk måtte ha, kan få oppklares, slik at de som ikke vil ha noe med Gud å gjøre, i det minste kan takke nei på grunnlag av hvem han faktisk er, og ikke avvise ham på grunnlag av hvem de tror at han er. Jeg håper og tror at Gud kan bruke både mine medstudenter, meg, og deg, på ulike måter, slik han finner det tjenlig. Så er det opp til Gud, ikke meg, å sørge for fruktene. Heldigvis.

Bård Skeie Sørheim